Førsteblad

# NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 12 | Fylke: Vest-Agder.

Tilleggsspørsmålnr. | Herad: Tveit

Emne: Gamal engkultur | Bygdelag.

Oppskr. av: Andreas Ropeid | Gard:

(adresse): NEG. | G.nr. Br.nr.

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

## SVAR

Heimelsmann: Ola G. Tôreid, f. 1877 på Tôreid i Tveit og bonde der.

1. I Tveit heitr det eng og skauslåtter.
egre er eit mindre stykke dyrka jord, det treng ikkje absolutt vera eng. Dette stykke kan også ha sitt eige namn; her på garden er Ellingsegra, på garden Vodding i Mandalsdalen er Godegra.
gjenlegg ~~attlegg~~: åker som det er sådd grasfrø i.
kjelve: ukjent.
voll: gamal eng. Vi pløgjer voll når vi pløgjer gamal eng.
tadeng og snaueng er ukjent. tjukkeng: "forholdsvis nyanlagt eng der grasvoksteren har tatt seg godt opp".
Ein brukar ordet vollhøy, men ikkje andre.
Skauslåttene er praktisk tala bare myrslåtter som blir slått med lang-orv.

2. Ein måtte slå godt ut så ikkje skogen voks inn på enga eller slåtta.
I myrslåtten var det ikkje stein, men

16600

i „fast mark" pela ein bort stein.
Ein måtte også rydde bort kvist.
Den kasta ein ~~bort~~ inn i heiane
eller på vatnet.

3. Mosevaksen eng vart pløygd opp.
O.G.F. kjenner bare eit tilfelle der
ein let åkeren gro til, og det tilfelle
er ikkje reknande.
Han kjenner til at dei sådde oppsop
frå løa, men det vart ikkje gjort på
Førsid. Han hadde ein onkel som
hadde gått landbruksskulen på Kviseby,
og han var svært nøgje på at dei sådde
grasfrø.

4. Dei har grøfta enga så lenge O.G.F. kan
minnast, og han kjenner ikkje til
når dei tok til med det.

5. Så lenge O.G.F. kan huska har dei gjødsla enga men ikkje skauslåttene. Han
kjenner ikkje til når dei byrja med
dette.
Han reknar at omlag 1/3 av vintergjødsla
vart nytta på eng.
Gjødsla blei blanda.
Enga vart ikkje gjødsla sterkt, men det
er uråd å gi noko mål.
Kleineng vart ikkje gjødsla.

6. Ukjent.

7. Det er ikkje alle stader terrenget høver
for det, men O.G.F. kan godt tenkja seg
at dei tok omsyn til dette sidet i
eldre tid.
Han kan ikkje tenkja seg anna namn
enn dola f.; det var nemning både
sidet og staden der det seig.
Han har sett her i sokna at dei grov

16600

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

små grøfter for å spreida døla.
Eng som vart gjødsla av døla heitte ogjå døla.
Ukjent at dei plaserte åkrane slik at det skulle siga frå dei ned på enga.

8. Der det var nokolunde slett gjødsla dei om hausten, men i bakke gjødsla dei om våren.
Dei kjørte ut gjødsla med vanleg gjødselkjerre og spreidde med greip frå kjerra.
Når gjødsla ~~va~~ hadde frose og var tint opp, laga dei seg ei slags horv som dei <u>smelte</u> ): smuldra gjødsla med. Den var laga av små bjørker elle bjørkegreiner, som vart feste til droget med tjukkenden elle rotenden. Dei hadde ikkje noko namn på denne horva.

9. Dei beitte ikkje enga om våren i den tida O.G.F. kan hugsa. Men i den tida dei hadde sauer, let dei sauene gå på enga om våren. Dei åt opp lekkeblomen (løvetann) - det er grunnen til at det er vorte så mykje meir med lekkeblom etter dei slutta med sauer.
Det var vanleg å beita enga om hausten, men ein måtte ikkje beita for sterkt. Serleg måtte ein vera varsam med eit nytt gjenlegg.
O.G.F. har ikkje høyrt at dei beitte for å gjødsla enga elle ~~for at~~ fordi enga hadde godt av beitinga.

10. Nei.

11. Krøtera kunne leggja etter seg ganske store klattar. Når dei tørka, gjekk ein

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING
16600

over dei med ei greip. Annan reiskap er ukjent. Det var sikkert mange som ingenting gjorde også.

12. Det vanlege var at krötera overnatta i sommarfjös som dei kalla buhus. Alle gardar hadde buhus, på Föreid var 2. O.G.F. kjenner bare ein gard i Tveit som ikkje hadde, og det var Fålsvand

Buhusa stod der det passa best og der det var lettest å bare melka frå. Dei kan ikkje vera plasert med tanke på gjödsling av skarislåttene; gjödsla frå buhusa vart nemleg brukt som den andre gjödsla. Buhusgjödsla vart talle. Dei strödde med ymist. Ved det eine buhuset på Föreid var det mange store bökar og eigjer, så det vart mykje daulauv. Det tok dei vare på og brukte til strö. Elles skar dei einstabb og strödde med.

13. Nei.

14-18. Grindgang ukjent.

19. För i tida var det nepetrö, små jordstykke der dei hadde breisådd nepe. Sjölv har O.G.F. ikkje sett dei, men mor hans har fortalt om dei. I Landvik er ein gard som heiter så.

stöd: 1. stad der ein lender, Topdalsstöd.
2. stad der dyrne stod og kvilte middag. Tveit-ord.

Dei andre orda i spörsmålet ukjende.

20. Det har ikkje vore setrar i Tveit.

21. Nei. Dette brukte ein på erter og belgfrukter og ~~på~~ i kjökkenhagen.

16600

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING